



INNBYGGJARUNDERSØKING

Øystre Slidre kommune

Innhald

1 Innleiing	2
2 Kort samandrag	2
3 Feilkjelder/svakheiter	3
4 Spørsmål og svar - analyse	3
4.1 Alder	3
4.2 Soverom i bustad	4
4.3 Innhald i bustad	5
4.4 Kor mange bur i bustaden?	5
4.5. Eig eller leiger	6
4.6 Type bustad	6
4.7 Framtidig drøymebustad	7
4.8 Kva hindrar deg frå å flytte til drøymebustaden?	8
4.9 Kan bustaden tilpassast?	8
4.10 Nøgd med eigen bustadsituasjon	9
4.11 Flytte ut av kommunen?	10
4.12 Eige eller leige dei neste åra	10
4.13 Kor er det mest attraktivt å bu i kommunen	11
4.14 Kva er viktig kvalitetar i ditt nærmiljø ved din bustad?	12
4.15 Kor mange soverom bør bustaden innehalde?	12
4.16 Kva må bustaden innehalde om du skal flytte	13
4.17 Kor viktig er dei ulike funksjonane i nærmiljøet ditt	14
4.18 Kva er viktigast ved eit evt. leigeforhold	14
4.19 Kva er viktigast for din busitusjon etter 75 år	15
4.20 Utleiegebustader med livsløpstandard	15

1 Innleiing

Formålet med spørjeundersøkinga var å kartlegge korleis innbyggjarar i Øystre Slidre kommune bur og ynskjer å bu. Kommunen ynskjer å legge best mogleg til rette for at Øystre Slidre skal vera ein attraktiv kommune å bu i og at alle skal ha ein trygg og god heim. På bakgrunn av resultata frå undersøkinga, er det laga eit samandrag som vil bli spelt inn i samband med revidering av kommuneplanen sin arealdel. 742 personar/husstandar har sendt inn sitt bidrag til kartlegginga. Dette er om lag halvparten av alle husstandane i kommunen.

2 Kort samandrag

Majoriteten av innbyggjarane som har svara på undersøkinga er i alderen 45-64 år. Dei yngste (24 år og yngre) og dei eldste (75 år og oppover) er minst representert. 77 % av dei spurte er sjølveigarar eller eig gjennom sameige. Dette er noko lågare enn på landsbasis. Delen som leiger privat har gått ned frå 17,5% i 2016 (SSB) til 15,9 % i 2022 om undersøkinga vert lagt til grunn. Ein del av dei som leiger i dag ynskje å eige sin eige bustad i framtida eller er ufrivillig leigetakrarar på bustadmarknaden i dag.

Undersøking syner at dei fleste bur i eigen bustad (64%). Dette er som forventa sett ut frå kommunen si totale bustadmasse. 20 % bur på gardsbruk. Den resterande gruppa bur i rekkehous, hytter, tomannsbustad eller leilegheiter.

66% har svara at framtidig draumebustad (der framtid ikkje er definert) er å ha ein einebustad. Dette er på nivå med andelen som bur i einebustad i dag. Innbyggjarane ynskjer seg i større grad bustadar med tenester eller fellesareal. Her ser vi ein klar auke samanlikna med dagens busituasjon. Den auka interessa for desse buformene samsvarar med det vi ser på nasjonalt nivå. I dag er det venteliste for å få leilegheit i det eine burettslaget vi har i kommunen (Moabygda burettslag).

3,4% ynskjer å bu på gardsbruk. Dette er 119 færre enn dei som har svara at dei bur på gardsbruk i dag, altså ein betydeleg nedgang.

Oppsummert kan vi seia at vi ser ein trend der innbyggjarane i større grad ynskjer seg bustad med tenester eller fellesareal. Gardsbruk er ikkje så interessant medan interessa for einebustad er om lag som før.

I fylgje SSB bur det i snitt 2,2 personar per bueining i Øystre Slidre. Undersøkinga syner at de fleste som har svara har tre soverom eller meir i sine bustader. Dette tyder på at mange har større bustader enn dei treng. Dette vert bekrefta gjennom andre resultat i undersøkinga som syner at mange av dei som har store einebustadar i dag ynskjer seg mindre bustadareal, særleg færre soverom. Slik me tolkar desse svara er at det er eit større behov for bueiningar med to soverom. Denne type bustad vil truleg frigjera og legge til rette for ny busetting i dei større bustadane med tre til fire soverom.

Hovudtrekk er at innbyggjarane ynskjer å bu i heile kommunen. Men me ser at fleire ynskje å bu innanfor dei definerte sentrumsområda Heggenes/Tingvang eller Beitostølen. Delen som ynskjer å bu på Beitostølen er høgare enn tal registrerte innbyggjarar i dag. Ein klar majoritet (66%) har svarar at dei i framtida ynskjer å bu i einebustad. Med kunnskap om nye sosiale buformer, spanande arkitektur og attraktive uteområde, vil truleg fleire ynskje å t.d. bu i bufellesskap, rekkehous eller tomannsbustad.

For å legge til rette for at den einskilde kan få meistre å bu så lenge som mogleg i heimen sin, er det eit potensiale for kommunen om dei tek initiativ til å etablere utlegebustadar med livsløpstandard

og gode bustadmiljø der ein del av bustadane er retta mot seniorar/eldre. Undersøkinga kan tolkast slik at ei slik type bueining bør vere plassert i nærleiken til natur, butikkar, servicetilbod og med moglegheiter for å leve eit aktivt liv.


3 Feilkjelder/svakheiter

Det er mogleg at kommunen hadde noko därleg marknadsføring på førehand, men svarprosenten er likevel høgare enn forventa. Under er nokre punkt på kvifor me trur at svarprosenten ikkje er høgare:

- Spørsmåla var lite tilpassa innvandrarane
- Spørsmål om kva skule/barnehage betyr
- Truleg ein del som hadde vanskar med den digitale løysinga.

4 Spørsmål og svar - analyse


4.1 Alder



Totalt var det 742 respondentar. I 2021 var det omtrent 1500 husstandar i Øystre Slidre, det vil sei at omtrentleg halvparten av alle husstandane i Øystre Slidre kommune har svara. Dei yngste (24 år eller yngre) og dei eldste (75 år og over) er minst representert i undersøkinga. Dei yngste tenkjer kanskje at spørsmåla ikkje er relevante. I aldersgruppa 75 år og eldre er det truleg tekniske utfordringar som har hindra dei i frå å svara.

4.2 Soverom i bustad

2. Kor mange soverom inneheld bustaden din i dag?




Undersøkinga syner at dei fleste har tre soverom eller meir. Dette tyder truleg på at dei fleste bur i store bueiningar og at mange har 1-3 ekstra soverom i si bueining. I fylgje SSB bur det i snitt i Øystre Slidre kommune 2,2 personar per bueining (SSB, 2021). Me trur difor at det er mange som har større bustadar enn dei treng.

Ser me desse svara i samanheng med svara på spørsmål 15 (*kor mange soverom bustaden bør innehalde*), ser me at mange (17%) av dei som har fire soverom eller meir, ynskjer seg ein bustad med færre soverom. Ei årsak kan vera at barna har vorte store og flytta ut. Me ser også at det er fleire som ynskjer seg to soverom enn dei som har to soverom i dag. Det er like mange av dei som har tre soverom i dag som også ynskjer tre soverom dersom dei skal flytte.

4.3 Innhold i bustad

3. Kva inneheld bustaden din i dag?


Her kunne respondetene huke av på fleire svar



Her har kvar enkelt respondent i snitt kryssa av 5,9 gonger. Svara samsvarer med våre forvetningar. I kategorien **andre svar** ligg «fellesareal innandørs», «fellesareal utandørs», «alt på eitt plan» og «heis»

4.4 Kor mange bur i bustaden?

4. Kor mange bur i hustanden i dag?



Det er flest som har svara at det bur to personar i husstanden. Dette samsvarer med SSB sine tal. Relativt mange bur åleine – 23% har svara at dei er einebuarar. På landsbasis syner tal frå SSB at det er ein auke i tal einebuarar – tal publisert juni 2021 syner at det er 18,8% som bur åleine. Dette er

ein auke på 0,5% frå året før og det er flest som bur åleine i aldersgruppene 16-29 år og 67 år og eldre. Ser me på aldersgruppene som har svara på undersøkinga så er det dei under 24 år og dei over 75 år som er minst representert. Einebuarar er difor truleg noko underrepresentert.

På spørsmål 2 har dei fleste svara at dei har tre, fire eller fleire soverom. Når me ser kor mange det er som bur åleine/ er to stk i husstanden, er det naturleg å spørja seg om det er mange som bur i større bueiningar enn dei treng. Denne teorien blir styrka ut frå svara i spørsmål 15 der hovudtyngda ynskjer seg to til tre soverom.

4.5. Eig eller leiger

Spørsmål 5 var *Eig du eller leiger du bustaden du bur i no?*

Er sjølveigar	Leiger privat	Bur hjå foreldre	Kårbustad	Anna
77%	15,9%	2,1%	1,6%	3,2%


Me har slått saman og summert dette opp med fem grupper.

77% av dei spurte er sjølveigarar eller eig gjennom sameige, og er noko lågare enn på landsbasis - (81,9%). 15,9 % har svara at dei leiger privat. I 2016 var det 17,5% som budde i leigd bustad i Øystre Slidre kommune, jamfør tal frå SSB.

Ser me resultata her opp mot svara på spørsmål 12, er det 12 % fleire enn dei som eig sin eigen bustad no som ynskjer å eige sin bustad i framtida. Dette kan tolkast som at det er 12 % av respondentane som er ufrivillige leidgetakrar på bustadmarknaden av ymse årsaker.

4.6 Type bustad

6. Kva type bustad bur du i?




64 % har svara at dei bur i einebustad. Dette var som forventa sett ut i frå kommunen si totale bustadmasse. 20 % bur på gardsbruk. Det er ikkje spurt etter om det er gardsbruk med aktiv drift eller bustad med eige gards- og bruksnummer. Nokre har svara at dei var bustadlause men etter å sett nærmare på andre svar frå dei same personane, har me konkludert med at ingen av dei som har

svara på undersøkinga er bustadlause og dei har svara dette truleg ved ein feil. Dette betyr ikkje at me ikkje har kort og/eller langvarige bustadlause i kommunen. I gruppa *Anna* finn me folk som bur i rekkehus, hytter, tomannsbustad eller leilegheiter. Nokre i kommunen har tidlegare uttrykt at dei leiger hytter på grunn av därleg økonomi.

4.7 Framtidig drøymebustad


7. Kva er framtidig drøymebustad?



66% har svara at framtidig draumebustad (der framtid ikkje er definert) er å ha ein einebustad. Dette er på nivå med andelen som bur i einebustad i dag. 10% har svara at dei ynskjer å eige ein bustad med tenester. Det var ingen som hadde ein slik bustad i dag. 3% har svara at dei ynskjer å leige bustad med tenester. 1 respondent budde i slik bustad i dag. 2% ynskjer eit bufellesskap der dei har eigne bueiningar men fellesareal for sosiale aktivitetar. Det var ingen som hadde ein slik bustad i dag. Den auka interessa for bufellesskap samsvarar med ein stigande trend på nasjonalt nivå. I dag er det venteliste for å få leilegheit i det eine burettslaget me har i kommunen (Moabygda burettslag). 3,4% ynskjer å bu på gardsbruk. Dette er 119 færre enn dei som har svara at dei bur på gardsbruk i dag, altså ein betydeleg nedgang.

4.8 Kva hindrar deg frå å flytte til drøymebustaden?

8. Kva hindrar deg i å flytte til din drøymebustad?



4% har svara at dei tener for lite til å kunne få lån. 24% har svara at det ikkje er aktuelt i den livsfasen dei er i no, men seinare. Litt under halvparten har svara at dei alt bur i drøymebustaden sin. Delen som har svara at det ikkje er aktuelt å flytte no men seinare, er relativt stor. Mange har også svara at det ikkje er tilgjengelege bustadar. 2 % har svara at kommunen ikkje har regulerte tomter, som gjer at dei kan bygge drøymebustaden sin.

4.9 Kan bustaden tilpassast?

9. Kan bustaden du bur i no byggast om/tilpassast dersom du får svekka helse og/eller funksjonsnedsetting?



Fleirtalet seier det ikkje er aktuelt eller at dei er usikre på om bustaden kan tilpassast. 5% har svara at dei kan tilpassa bustaden sin, men at dei ikkje har økonomi til å gjera dette. 12% har svara at dei kan gjere tilpassingar men ikkje har oversikt over kva moglegheiter som finst. Desse to svara kan sjåast i saman. Tilpassingar er så mangt. Det kan vera alt frå komfyrvakt til å feste sklisikker tape i trappa. Men det kan også bety endring av planløysing og bygging av nytt bad i fyrste etasje. Variasjonen er stor og behovet er svært forskjellig.


Bakgrunnen for spørsmålet var å få svar på kvar kommunen skal legge innsatsen/kva slags økonomiske verkemiddel det er behov for informasjon om. 80% av norske bustader er ikkje tilgjengelege for funksjonshemma (Norges handikapforbund). Om nokre år vil det vere fleire 65 åringer enn personar under 19 år i Norge (Forsking.no). Dette vil bety ei større belastning på helsevesenet og dei tenester dei tilbyr. Difor er det viktig at folk tek eit ansvar sjølv, men også kommunen, for å legge til rette for at fleire kan bu heime lengre/livet ut.

4.10 Nøgd med eigen bustadsituasjon

10. Bustadsituasjon

Kor nøgd er innbyggaraene som svarte med sin eigen bustadsituasjon?

Fleirtalet av dei svarte er nøgd




Etter ein sjekk i datamaterialet kan 9% som har svara alternativ 1 halverast til 4,5%. Det er heilt klart ein del som har feiltolka svaralternativa. 57% seier at dei er heilt einig at dei har ein tilfredsstillande bustadsituasjon. Ved å legge saman svarprosenten på alt.4 og alt.5 er me oppe på 75%. Det er me ganske nøgd med. I eit langsiktig perspektiv er det naturleg å spørja seg om dei som er nøgde med bustadsituasjonen no er like nøgde inn i framtida. Sviktande helse, om ein blir einebuar eller at økonomien endrar seg er nokre av faktorane så gjer at ein kan sjå annleis på dette spørsmålet. Svara me har fått gjer oss eit augeblikksbilete.

4.11 Flytte ut av kommunen?

11. Kor sannsynleg er det at du flytter ut av kommmunen dei neste 5 åra?


65% av dei som svarte på undersøkjinga seier det er svært usannsynleg at dei flytter ut av kommunen.



Svara her er truleg knytt opp mot jobb, leve, bu. Dette gjer oss ikkje mykje ny informasjon men bekreftar vel berre det me har fått svar på i spørsmål 10. Fleirtalet ynskjer å bli buande i kommunen. Det er 11 % som seier at dei mest sannsynleg flytter i løpet av dei neste fem åra. Dette utgjer omrent 100 personar. Kommunen har hatt inn-/utflytting på omrent 100 personar i snitt dei siste 20 åra. Det er her potensialet for å auke innbyggjartalet er størst.

4.12 Eige eller leige dei neste åra

12. Korleis ynskjer du å bu dei 5 komande åra?




89% ynskjer å bu i eigen bustad dei komande fem åra. 7% meiner det ikkje er så viktig om dei eig eller leiger medan 4% ynskjer å leige. Det kan truleg forklaraast med at dei ikkje ser seg i stand til å kjøpe bustad grunna därleg økonomi eller at dei ynskjer friheita med å leige. Me ser ut i frå svara at fleire har utfordringar knytt til sparing/lån.

Det er berre nokre få som ynskjer å gå frå eige til leige. Ser me dette svaret i samanheng med svara på spørsmål 7, er det 3% som ynskjer å leige bustad med tenester.

4.13 Kor er det mest attraktivt å bu i kommunen


13. Uavhengig av kor du bur i dag - kor vil det vera mest attraktivt for deg å bu?



I kommuneplanen sin samfunnssdel er sentrum definert som Beitostølen og Heggenes/Tingvang. Det vil seia at omlag 36% ynskjer å bu i sentrum/sentrumsnært. Her trur me svaret er påverka av kvar folk ynskjer å bu og kvar dei faktisk bur. I det som er definert som tettstaden Beitostølen bur det omlag 370 fastbuande. Dette utgjer omlag 11,3 % av Øystre Slidre sine innbyggjarar. Det vil seia at det tyder på at fleire ynskjer å bu på Beitostølen, enn det faktisk gjer i dag.

Hadde me hatt med barnehage/skule i forhold til viktige kvalitetar i nærområdet, kunne det truleg sagt oss litt meir om kvifor folk ynskjer å bu der dei bur. Dersom det hadde vore barnehage/skule på Heggenes – ville det vore meir attraktivt å bu der då? Svaralternativet *Andre stader* består av Robøle, Beito/Lykkja, Moane, Kollstadbygde, Hegge, Hovi og anna plass.


4.14 Kva er viktig kvalitetar i ditt nærmiljø ved din bustad?



Nesten 60% svara at dei meiner å bu i sentrum er lite/svært lite viktig, og det samsvarar mykje med at 36% svara at dei ynskja å bu i området som kommunen definerer som sentrum.

Me ser også at å ha mange gode naboar er viktig. Det kan tolkast slik at mange ynskjer å bu i nærleiken av andre, enten i bustadfelt eller andre bustadkompleks. Det er også ynskjeleg med gode felles møteplassar. Dersom ein vil ha det stille og fredeleg men samtidig ynskjer å ha mange gode naboar, så toler ein noko «støy» og må kanskje gå nokre meter før ein er i «marka» for å nyte friluftslivet. Det er viktig å legge til rette for attraktive møteplassar ute og inne.

4.15 Kor mange soverom bør bustaden innehalde?



Samla sett ynskjer innbyggjarane ei variert bustadmasse, med hovudsakleg 3 soverom.


I spørsmål 2 svarer 40% at dei har tre soverom. Det er like mange som ynskjer seg 3 soverom dersom dei skal flytte.

Det som er interessant er at 17% av dei som har fire soverom eller fleire, ynskjer seg mindre bustad med færre soverom. Det er fleire som ynskjer seg to soverom enn dei som har to soverom i dag. Det kan tolkast som at hovudtyngda av dei som har mange soverom i dag ynskjer å redusere tal soverom i bustaden sin. Slik me tolkar resultata er det eit behov for bueiningar med to soverom. Dette vil mest sannsynleg frigjera ein del av dei større bustadane i kommunen.

4.16 Kva må bustaden innehalde om du skal flytte

16. Kva bør bustaden innehalde om du skal flytte?


Her var det mogleg å huke av på fleire



Her var det totalt 4169 svar. Det betyr at kvar respondent har i snitt kryssa på 5,6 alternativ kvar.


Overraskande mange har svara at dei ynskjer å ha alt på eitt plan, i forhold til dei som allereie har svara at dei har det. Fleire ynskjer terrasse/veranda og færre ynskjer hage. Fleire ynskjer seg garasje og færre ynskjer parkeringsplass. Bod er like viktig dersom ein skal flytte. Det er relativt få som har svara at bad er viktig. Truleg er det mange som ser på det som sjølv sagt at det er bad i huset og at dette forklarer at svarprosenten er så låg. I kategorien Andre svar ligg: Fellesareal utandørs, fellesareal innandørs, heis og to bad eller fleire. Det var låg svarprosent på desse alternativa, me har difor valt å slå dei saman.

4.17 Kor viktig er dei ulike funksjonane i nærmiljøet ditt



Daglegvare (tilgjengelegheit til) og friluftsområde er dei viktigaste funksjonane i nærmiljøet til respondentane. På dei fire andre alternativa er svara jamt fordel mellom viktigkeit. Dette seier oss dessverre lite. Respondentane ynskjer seg både lett tilgang til friluft og tenester/daglegvarebutikk. Kollektivtransport er noko overraskande ikkje så viktig.


4.18 Kva er viktigast ved eit evt. leigeforhold



Her har respondentane kryssa av 1,9 gonger. Svært mange har svara at det ikkje er relevant å svara på dette spørsmålet. Dette kan vel tyde på at dei bur bra der dei bur. Eit godt bustadmiljø og


økonomisk tryggleik er viktig for dei som ynskjer å leige bustad. Kollektivtilbod er ikkje vekta så høgt. Truleg fordi kollektivtilboden ikkje er så godt i kommunen, og ein i stor grad er avhengig av å ha bil.

4.19 Kva er viktigast for din busituasjon etter 75 år



Her har respondentane krysse av 2,7 gonger kvar. Det som ser ut til å telle mest er plassering av bustaden og moglegheit til eit aktivt liv ved 75 år eller eldre. Kanskje litt overraskande at såpass mange har svara at det ikkje er relevant.

4.20 Utleigebustader med livsløpstandard



Her har dei fleste respondentane lagt seg på midten. Dette kan bety at dei ikkje har tenkt skikkeleg gjennom dette men at respondentane samtidig ser på dette som interessant. Heile 21 % tykkjer alternativet er interessant. Totalt sett så ser me her at det er eit potensiale for at kommunen tek initiativ til å etablere utleigebustadar i denne kategorien, men også auke informasjon/tilrettelegging mot denne typen bustader.